



Jobbnorge-ID: 288307
Søknadsfrist: 02.11.2025
Nettside: <http://www.kriminalomsorgen.no/>
Omfang: Heiltid
Varighet: Vikariat/mellombels

Vil du jobbe i ein etat med eit viktig samfunnsoppdrag?

Fyrstekonsulent elektronisk kontroll ved avdelingen i Ålesund- vikariat til 01.01.27

Om stillinga

Møre og Romsdal friomsorgskontor har ledig eit vikariat som fyrstekonsulent ved underkontoret i Ålesund fram til 01.01.27.

Friomsorga i Møre og Romsdal er ein del av kriminalomsorga, og vi jobbar for å gjere samfunnet tryggare - ein samtale, éi oppfølging og ein endringsprosess om gongen.

Vi er på jakt etter deg som har lyst til å bidra til at maskineriet går som smurt. Du er den som likar å halde oversikt, finne løysingar, og sørge for at ting ikkje berre blir gjort - men blir gjort rett.

Vi har eit stort hjarte for menneske, eit våkent blikk for detaljar og eit godt samarbeid på tvers av kontora våre.

Avdelinga for elektronisk kontroll har 8 tilsette, 4 som har arbeidsstad i Molde og 4 som har arbeidsstad i Ålesund. Stillinga er i turnus med dag, kveld og helg

Som fyrstekonsulent har ein ansvar for dei domfelte og tilsette sin tryggleik, innhenting og vurdering av informasjon og saksbehandling. Fyrstekonsulent EK skal ha evne til grensesetjing, konfliktløysing og vere ein samtalepartnar, rollemodell og rettleiar for dei domfelte.

For å kvalifisere for stilling som fyrstekonsulent må søkjar ha bestått fengselsbetjentutdanning frå KRUS eller relevant utdanning på bachelornivå (da fortrinnsvis sosionom, barnevernspedagog eller vernepleier). Søkjarar som ikkje oppfyller utdanningskravet vil ikkje bli vurdert for vikariatet.

Me søker også etter tilkallingsvikarar som kan avhjelpe ved fravær og i feriar med straffegjennomføring med elektronisk kontroll. Opplys i søknaden om dette er av interesse.

For stillinga som tilkallingsvikar kan søkjarar som oppfyller kravet til 0808 miljøterapeut vurderast.

Arbeidsoppgåver

Som fyrstekonsulent hos oss vil du mellom anna:

- vurdere om domfelte er eigna for soning med elektronisk kontroll
- setje i verk, administrere og kontrollere straffegjennomføringa
- leggje til rette for og følgje opp fagleg innhald
- drive planmessig endringsarbeid i samarbeid med hjelpeapparatet
- kontrollere at vilkår for straffa blir haldne
- ved behov må ein også rekne med å ta del i andre typar straffegjennomføring i friomsorga
- bidra til at drifta går smidig, også når tempoet er høgt
- vere ein del av eit fagmiljø som kombinerer struktur med varme

Den som blir tilsett, må rekne med endringar i arbeids- og ansvarsområde.

Utdanning og erfaring

Fyrstekonsulent

Du må ha

- bestått fengselsbetjentutdanning frå Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS eller relevant høgskule- og universitetsutdanning på bachelornivå (da fortrinnsvis sosionom, barnevernspedagog eller vernepleier)
- førarkort klasse B
- god munnleg og skriftleg framstillingsevne
- god kunnskap og erfaring i bruk av IKT - system eller verktøy

Det er ønskjeleg at du har

- erfaring frå kriminalomsorga eller anna relevant erfaring frå arbeid med menneske i ein sårbar situasjon
- erfaring med sakshandsamning

0808 Miljøterapeut (Stilling som tilkallingsvikar)

Du må ha

- bestått 3 årig videregående skule og relevant yrkeserfaring
- førarkort klasse B
- god munnleg og skriftleg framstillingsevne
- god kunnskap og erfaring i bruk av IKT - system eller verktøy

Det er ønskeleg at du har

- erfaring fra offentleg sakshandsamning og klientrelatert arbeid eller anna relevant erfaring frå arbeid med menneske i ein sårbar situasjon
- erfaring med sakshandsamning

Personlege eigenskapar

- ha personlege eigenskapar i tråd med kriminalomsorgen sine verdiar
- gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- har evne til å motivere til å endre åtferd
- har avgjerdsevne, kreativitet, er fleksibel og har evne til etisk refleksjon
- arbeider strukturert og sjølvstendig, men trivst best når du samarbeider
- har stø hand, roleg hovud og ein god dose humor

Vi tilbyr

- meningsfulle oppgåver i ein etat med eit viktig samfunnsoppdrag
- gode pensjons-, forsikrings- og låneordningar i Statens pensjonskasse.
- trening i arbeidstida
- Stillingen lønnes som 1408 førstekonsulent, fra kr 510 000 - 600 000, avhengig av kvalifikasjoner og erfaring. Det blir trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.
- Stilling som tilkallingsvikar som ikke kvalifiserer til 1408 førstekonsulent lønnes som 0808 Miljøterapeut fra kr 459 600-525 000, avhengig av kvalifikasjoner og erfaring. Det blir trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.
- stillingen er p.t. i turnus som innebærer dag, kveld og helgearbeid

Generell informasjon

Kriminalomsorga meiner at inkludering og mangfald er ein styrke. Vi ønskjer oss medarbeidarar med ulik kompetanse, livserfaring og perspektiv for å kunne bidra til ei enda betre oppgåveløysing.

Dersom det er kvalifiserte søkjarar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, skal vi kalle inn minst éin søkjar i kvar av desse gruppene til intervju.

Kjenner du deg igjen i ein av desse kategoriane, kan du krysse av i jobbsøklarportalen vår. Du kan lese meir om krava for å bli vurdert som [søklar i desse gruppene her](#).

Det må ikkje vere noko å utsetje på vandelen til den som blir tilsett. Dette må dokumenterast med ein uttømmende politiattest før tilsetjing.

Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjarar kan bli offentleggjorde sjølv om søkjar har bede om å vere unnateke søkjarlista. Søkjar vil i så fall bli varsla om dette og gjeve høve til å trekkje søknaden.

Den som blir tilsett, må rette seg etter organisasjonsmessige eller andre endringar som blir bestemte om arbeidsområdet.

Nærare opplysningar om stillinga får du ved å vende deg til fungerande avdelingsleiar Elinda Erstad på tlf. 466 59 841

For spørsmål om elektronisk utfylling av CV kan Jobbnorge kontaktast på 75 54 22 20.

Om kriminalomsorga

Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag er å gjennomføre varetektsfengsling og straffereaksjonar på ein måte som er tillitvekkjande for samfunnet og som motverkar strafflagde handlingar. Målet vårt er at den domfelte etter soning skal velje å leve eit kriminalitetsfritt liv. Visjonen vår er «Straff som endrar» og verdiane våre er: tryggleik, openheit og nytenking som er førande for åtferden vår og som organisasjon. Les meir om [verksemdsstrategien vår her](#). Kriminalomsorga består av Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI), Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS og fem regionar med cirka 60 lokale fengsel og friomsorgskontor.

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Trude Aarseth, fung. friomsorgsleder

Telefon: | E-post: trude.aarseth@kriminalomsorg.no

Arbeidsstad:

Kirkegata 2 6005 Ålesund (Ålesund Kommune)